

Austrheim kommune v/ordførar
 Lindås kommune v/ordførar
 Masfjorden kommune v/ordførar
 Meland kommune v/ordførar
 Radøy kommune v/ordførar
 Fedje kommune v/ordførar
 Kopi til: Partigruppene i kommunestyra

15.01.16

NORSKOPPLÆRING FOR INNVANDRARAR

Mållaga i Nordhordland oppmodar med dette notatet alle Nordhordlandskommunane om å gje norskopplæring til vaksne innvandrarar på nynorsk. Kommunestyra i regionen vår må gjera vedtak om dette.

Noreg har fått eit godt tilskot av menneske med ein annan språkbakgrunn enn norsk. Også i Nordhordland veks talet på dei som har norsk som andrespråk eller tredjespråk. Etter den siste tids kraftige auke i tilstrøyminga av flyktningar må ein rekna med at talet på minoritetsspråklege vil auka kraftig også i Nordhordlandskommunane. Like mykje som flyktningar og andre som kjem hit treng bustad, jobb, sosialt nettverk, helsetenester og andre grunnelement i eit fullverdig liv, treng dei å læra språket vårt og finna dører inn til vår kultur og våre samlivsformer. I så måte er det å læra norsk den viktigaste nøkkelen. Dette er dei aller fleste einige om. Det er også laga eit lov- og regelverk som skal sikra asylsøkjrar og flyktningar rett og plikt til å læra norsk og få kjennskap til norsk samfunnsliv, og at innvandrarane elles skal få den same sjansen.

Våre nye landsmenn skal på alle steg i livet ha høve til læra norsk, og ulike strategiar er lagde opp for dette, ut frå alder og føresetnader elles. Når ikkje noko anna er spesifisert, vert nemninga «innvandrarar» nytta vidare i notatet.

Nynorsk i Nordhordland

I området vårt er språkopplæringa felles organisert der Lindås sel tenesta til dei andre kommunane, men politikarane i kvar einskild kommune har aldri fått høve til å meina noko om kva målform ein vil vår nye innbyggjarar skal nytta.

Nynorsk er tenestemål, administrasjonsmål og skulemål i alle kommunane våre. Vi er samla sett ein region der nynorsken står sterkt. Det er slik vi ynskjer å ha det. Nynorsk pregar det språkmiljøet innvandrarar skal integrerast i, difor treng innvandrarar å kunna orientera seg i dette språkmiljøet. Samstundes tyder dei rapportane vi har fått på at dei aller fleste vaksne innvandrarar får opplæringa si på bokmål og berre på bokmål. Dette meiner vi er urimeleg, og mållaga etterlyser ei grunngjeving for denne praksisen.

Vaksne innvandrarar som kjem til Nordhordland, til liks med barn og ungdom med

ikkje-norskspråkleg bakgrunn, møter ein region med sterke tradisjonar i nynorsk. Dei bør difor ha nynorsk som opplæringsmål. Dette er ein rett dei har.

Så enkel kunne denne saka eigentleg ha vore, og argumentasjonen kunne ha stoppa der. Men så greitt er det dessverre ikkje. Praksisen med å læra innvandrarane bokmål har fått veksa fram, delvis utan argument, og delvis grunna på argument som, etter vår mening, ikkje er gyldige.

Nordhordland er nynorskland

Vi har nemnt at tenestemål, administrasjonsmål og skulemål er nynorsk. Nynorsken er solid planta i kulturlivet, både i det skapande arbeidet til kunstnarar og kulturfolk i regionen, men også i presentasjonen av kunst og kultur. Vi har to lokalaviser som begge er redigerte på nynorsk. Vi har ei stor regionsavis som i stor mon brukar nynorsk innanfor alle stoffområde, jamvel om vi kunne ynskja endå meir. Like eins er språkforma journalistane i NRK Hordaland nyttar svært prega av dialektale og ofte svært nær nynorsk. Næringslivet i regionen byd på eit meir samansett bilde, men det skal nemnast at fleire viktige verksemder no nyttar nynorsk og at Knarvik Senter vender seg til publikum på nynorsk. Særleg mykje har det å seia at dei som arbeider i helsetenestene og tenesteapparatet elles, i stor mon nyttar nynorsk og brukar nynorsknære dialektar. Dei som har trond for spesialisthelsetenesta, vil kunna bli innlagde på vårt store regionale sjukehus, Haukeland universitetssjukehus, som vender seg til pasientane og allmenta på nynorsk. Både på Haukeland og på Diakonissehjemmet sjukehus (Haraldsplass) vil dei møta personale som snakkar nynorsknære dialektar. Søkjer innvandrarane høgare utdanning, vil dei både på Universitetet i Bergen, Høgskulen i Bergen og på Bergen arkitekthøgskule, møta eit språkleg miljø med svært mykje nynorsk. Når dei søker informasjon om bussavgangar og køyreruter, vil dei frå Skyss møta informasjon på nynorsk. Like eins vil generell informasjon frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen i hovudsak vera på nynorsk. Me veit at nokre av desse statlege og regionale instansane stundom sviktar når det gjeld deira lovpålagde og sosialt forventa plikt til å bruka nynorsk, men det kan ikkje vera den minste tvil om at kvart einaste individ i vår region, på alle stadium i livet, møter ei stor mengd nynorsk tekst innanfor mest alle samfunnsmål.

Nynorskopplæring for vaksne innvandrarar

FLYKTNINGAR og innvandrarar utgjer mykje av folkeveksten i Noreg i dag. Dei fleste av desse er arbeidsinnvandrarar frå land i Aust-Europa til bygdesamfunn som treng arbeidskraft. Når nynorskkommunar gjev desse nye innbyggjarane opplæring på bokmål, undergrev dei sine eigne språkvedtak.

OPPLÆRINGSSPRÅKET i vaksenopplæringa er i dag ikkje regulert i noko lovverk, difor er det opp til kvar einskild opplæringsinstitusjon å avgjera kva språkopplæring dei vil gje. Kvar kommune må såleis vedta om dei vil at vaksne innvandrarar skal læra det same språket som ungane deira lærer på skulen, og som kommunen har bestemt at skal vera det lokale språket hjå seg.

DET MEST BRUKTE argumentet for å gje norskopplæring på bokmål, er mangelen på lærermiddel på nynorsk. Dette er ein myte. Somme kommunar har undervist på nynorsk i godt over ti år, og lærermidla som finst på nynorsk i dag, er meir enn gode nok til å gje ei fullgod norskopplæring.

Kvifor nynorskundervising:

1. Nynorsk i nynorskkommunar

Ved å gje opplæring på bokmål produserer kommunane nye språkbrukarar inn i sine eigne samfunn som skriv eit anna språk enn det kommunen sjølv ynskjer.

2. Borna lærer nynorsk

Mange av dei nye innbyggjarane kjem med familie og ungar. Lærer foreldra det same språket som borna på skulen, vert det lettare å hjelpa dei med leksene og å forstå skriv og meldingar frå skulen.

3. Nærare talemålet

Rett språkopplæring er avgjerande for integreringa. Nynorsk i vaksenopplæringa kan gje det lettare å koma inn i det norske samfunnet. Den vegen går ofte gjennom det munnlege talemålet, og nynorskopplæringa gjer det lettare å forstå dei mange ulike dialektane i landet vårt.

4. Ein styrke i bokmålsområde

Det er ikkje noka ulempe å kunna nynorsk sjølv om ein skulle flytta til eit bokmålsområde. Tvert om er det ein styrke for alle å kunna nynorsk.

Argument brukt for å læra innvandrarane i Nordhordland bokmål

Vi skal også nemna kort nokre argument som er blitt brukt for at innvandrarane skal læra bokmål i nynorskområde.

1. Lærermiddelsituasjonen. Det er ikkje gode nok lærermiddel på nynorsk
2. Dei møter mest bokmål i media og i samfunnet elles.
3. Personane kjem til å flytte frå kommunen
4. Personane har lært bokmål før

5. Personane vil orienterer seg vidare mot by eller bokmålskommunar
6. Det er dyrt å skifte bøker og andre læremiddel
7. Bokmål er lettare å lære

Vi meiner at nokre av argumenta for bokmålsopplæring er direkte därlege, medan andre kan ha ei kjerne av sanning i seg. Argumenta er likevel ikkje gyldige og sterke nok til å rettferdiggjera at nynorsk blir forkasta som opplæringsmål for innvandrarane.

Både bokmål og nynorsk er ein del av det språkmiljøet innvandrarane skal integrerast i. Nordhordland ligg i randsona av Bergen, og det er ikkje til å unngå at innvandrarane må orientera seg i eit språkleg landskap prega av variasjon. Dette må ein ha respekt for, men nynorskopplæring utviklar truleg denne orienteringsevna mykje meir effektivt enn dersom bokmålsopplæringa er eina rådande. Denne mekanismen ser ein tydeleg når det gjeld elevar med norsk som morsmål og førstespråk: Nynorskelevane utviklar kompetanse både i bokmål og nynorsk på eit høgare nivå enn det bokmålelevar gjer. Det er grunn til å tru at dette vil gjelda for mange innvandrarar òg.

Det aller viktigaste er at ein i denne saka må gjera eit verdi- og prinsippval som vil vera avgjerande for regionen vår og for folket som skal bu her.

Kommunane må gjera vedtak

Store nynorskkommunar som Stord, Kvam, Kvinnherad og Førde gjev i dag nynorskopplæring til innvandrarar. Ullensvang, Voss og Årdal har gjort formelle vedtak om å gå over frå bokmål til nynorsk i denne opplæringa. No er det tid for at Nordhordland følgjer etter!

Beste helsing

Meland Mållag v/Haakon Aase

Radøy Mållag v/Geir Olav Repål

Alversund Mållag v/Inger Helen Midtgård

Ostereidet Mållag v/Runar Hagesæter

Lindås Mållag v/Pernille Wiik Berg og Edit Jørgenvik

På vegne av
mållaga ved
Runar W. Hagesæter
Inger Helen Midtgård

Digitale vedlegg:

Om reglar for opplæring i norsk for vaksne innvandrarar:

<http://www.sprakradet.no/Spraklige-rettigheter/sprakopplaring/Norskopplaring/>

Om læreverk:

<http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetsspråklege>

Om LEXIN-ordbøker for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen:

www.lexin.udir.no